

# Referat frå Campusmøte Sogndal

**Dato:** 13.05.2026  
**Tid:** Kl. 10.00-12.00  
**Stad:** Teams

Deltakarar:

Medlemmer: Bjarte Håvik (nestleiar), Sandra Opheim (FHS), Deta Gasser (FIN), Frode Fretland (FLKI), Janniche Øyen (samfunnskontakt og sekretær), Nils-Werner Strypet (studentrepresentant)

Gjester: Turid Mølmesdal (studieadm), Vigdis Høyheim (Saman), Kristina Hop (AU, vara for Emma), Hans Eivind Dalsbø (opptak)

Forfall: Sigurd Sandvold (leiar), Roger Normann (FTMS), og Øyvind Midtbø Berge, Emma (studentrepresentant)

## Sakliste

Sak	Tittel	Ansvarleg	Tidsbruk
6/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	Møteleiar	5 minutt
7/26	Orientering om studiestart	Turid Mølmesdal	20 minutt
8/26	Årets søkartal - orientering	Hans Eivind Dalsbø	20 minutt
9/26	Orientering frå Saman	Vigdis Valeberg Høyheim	15 minutt
10/26	Karrierefestival	Ida Brastad Ramsfjell, Sogn Næring	20 minutt
11/26	Eventuelt	Møteleiar	10 minutt

### **6/26 Godkjenning av innkalling og sakliste 10.05 - 10.10**

[Framlegg til vedtak:](#)

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Innspel, kan sakliste publiserast på Vestibylen i forkant for å kunne gje innspel?

### **7/26 ORIENTERING OM STUDIESTART I SOGNDAL 10.10-10.25**

- Hovudmål: studentar skal føle seg velkomne, at dei har valt rett høgskule og får ein god start
- Rekruttering av fadrar er i god gang. 1. juni er frist for hovudprogram og skal publiserast
- I Sogndal har ein ei eiga studiestartgruppe med god involvering
- Turid går gjennom programmet og fortel om erfaringar som har ført til endringar

- Råd til faglege tilsette, ikkje køyr studentane for hardt den første veka, og hugs internasjonale studentane
- Studentane har tidlegare foreslått idrettsdag, og dette vart ein suksess som ein inkluderer i programmet også i år
- Programmet justerast årleg etter evaluering og tilbakemelding
- Kommentar frå Frode, FLKI er godt nøgde med studiestart – berre lovord om programmet

#### Framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering. Presentasjon vedlagt i møtet.

### 8/26 Gjennomgang årets søkartal 10.25-10.45

Rådgjevar på studentopptak Hans Eivind Dalsbø (samordna opptak) vil orientere om søkartal, prosessen vidare med fakulteta sine vurderingar, eventuelle avlysingar av studium og tilbod i årets opptak. Han går også gjennom tidslinje for opptaket: Greie ut om utsending av tilbod til søkarane. Studieprogram som blir lagt ut på ledige studieplassar. Informasjon som vi sender (og ikkje sender) til søkarar.

Hans Eivind kommenterer:

- 9096 førstevalgssøkararar til HVL i år, berre 43 færre førstevalgssøkararar enn i fjor.
- Trenden for førstevalgssøkarar er i alt positiv om vi tek utgangspunkt i , og høgare enn 2017 då det var 7810 førstevalgssøkarar på tvers av campus
- Sidan 2017 er trenden òg positiv i Sogndal, sjølv om det er lågare enn toppåra før samanslåinga i 2017
- Sogndal 4 fleire førstevalgssøkararar enn i fjor
- Betring på barnevern sjølv om ein ventar ledige plassar etter hovudopptak
- GLU samlingsbasert stel kanskje av heiltidsstudentar på GLU som går litt ned
- Skulefritidspedagogikk vert avlyst, for få søkarar, får tilbod i Bergen
- Det vert ledige studieplassar på økonomifag til hausten slik det no ser ut
- Ledige studieplassar vert annonsert 19. juli, svar på opptak seinast 29. juli.
- Det er få studentar som omprioriterer studier mellom 15. april og 1. juli. Annonsering i denne perioden gjev liten effekt
- Ledige studieplassar 20. juli gjev mange søkarar, annonsering i denne perioden er viktig.

#### Spørsmål til saka

- Kan ein få andre variantar av presentasjon for spesifikke studier?  
Hans ber om at ein tar kontakt om det som er ynskjeleg.
- Kan vi få ein graf som viser forskjell på campusstudentar og nett-studentar, slik at vi kan få sjå utviklinga på campusstudentar.  
Hans meiner det er ei svak auke i campusstudentar, ta evt. Kontakt for andre oversikter.
- Kan ein student som står på venteliste på for eksempel lærar ved HVL i Bergen bli tilbydt plass om ledige plassar på HVL i Sogndal?  
Hans svarer at dette ikkje kan gjerast pga *Fredningspakta*, der det mellom institusjonane er lova at ein ikkje sender tilbod om ledige plasser på andre studiestader enn der studenten har søkt

### Framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering. Presentasjon vedlagt i møtet

## 9/26 Orientering frå Saman – bustadsituasjon 10.45-11.00

Vigdis Valeberg Høyheim orienterer om hyblar og andre relevante tema for campus Sogndal.

- **Kantina:** Nyåpning av kantina har gitt stor effekt for besøk og ein fin stad å studere. Usikker på omsetningsutvikling.
- **Helse:** Eterspørsel etter rådgivingssamtalar har gått ned. Veit ikkje kvifor. Er det pga færre studentar? Saman tilbyr kurs i «Mental verktøykasse», men har ikkje god respons på dette frå institutta, har kapasitet til å halde desse kursa.
- **Meieriet:** aukande engasjement. God aktivitet. Dugnadsånd er attende. Oppussing av Labben og studentane brukar det vesentleg meir. Det blir også sommarkafe på labben, open for alle. Studentar skal jobbe der i sommar.
- **Barnehagen:** Denne vert overtatt av Sogndal kommune frå 1. august, nytt namn Kyrkjebakken barnehage. Med dette tilbyr ikkje lenger Saman barnehage.
- **Bustadar** i Sogndal: Det er godt nok totaltilbod når ein inkluderer både privat og Saman. Saman hadde nokre få hyblar ledige i fjor og har difor starta med kortidsutleie. Slik kan ein tilby bustad for studentar som er på samling. Særleg vernepleie har nytta dette så langt. HVL har tatt opp 110 internasjonale studentar i 2026, i fjor var dette 78, så denne auken gjev ei utfordring mtp sikra bustad gjennom Saman i haustsemesteret
- Spørsmål: Internasjonale studentar er viktige for FLKI (outdoor education) og FTMS (Mountain to Fjord). Kva er beredskapen viss det ikkje er nok hyblar? Svar: Informasjonen har kome seint til Saman, skulle hatt det tidlegare. Ein innkvarterer studentar i dobbeltrom, som gjev betre kapasitet – men beredskapen er private hyblar som kanskje ikkje vil ha studentar som berre leiger eit semester.

### Framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering

## 10/26 Karrierefestival 2026 11.00-11.20

Ida Brastad Ramsfjell frå Sogn Næring informerer om Karrierefestivalen 2026. Dette er eit nytt initiativ i Sogndal, mellom HVL, Sogn Næring, Framtidsfylke og linjeforeningane på Campus. Ida Brastad Ramsfjell er koordinator frå Sogn Næring som orienterer om foreløpig plan for gjennomføring 21. oktober i år.

Sogn Næring jobbar bl.a med rekruttering til heile Sogn, og ynskjer også å sikre at studentar blir verande i Sognaregionen. HVL tok initiativ til eit samarbeid om Karrierefestival til hausten saman med blant anna Sogn Næring og Framtidsfylke.

Vi ynskjer å lage eit arrangement som bygger på Økonomidagen, men som inkluderer alle fakulteta. Økonomidagen har tidlegare hatt god representasjon i Sogn. Vi treng råd og innspel frå institutta om innhald og aktivitetar.

Janniche informerer kort om oppdelinga av dagen med 3 paralelle foredrag på morgon og ettermiddag, og 2 økter med workshops, aktiviteter o.a før lunsj og ettermiddag. Vi treng både forslag til aktivitetar og konkrete bidragsytatar, samt finansiering av mat og foredragshaldarar.

Ellen Eimhjell Blom (FLKI) er kontaktperson mot fakulteta på HVL. Janniche Øyen (samfunnkontakt) er koordinator internt saman med Catarina Batista (HVL Skape). Cecilie Lerum bidreg praktisk med arrangement på HVL.

På kvelden blir det bedriftspitchar på Meieriet, Quiz og konsert/mingling som er åpent for både verksemdar, studentar og tilsette.

Vi oppmodar Campusmøtet om å bidra med foreslag til WS og foredragshaldarar.

- Bjarte Håvik seier at han gjerne bidreg med sine kontaktar innan helse.
- Det kjem spørsmål om det finst lister over virksomheiter som blir invitert, eller om institutt skal bidra med utsendelsar?  
Janniche svarar at vi ynskjer at ein videresender til verksamheiter som det er viktig for institutta då det kan bli naudsynt å stoppe påmeldinga. Vi treng ei god spreing av verksamheter som dekker alle fakulteta.
- Det kjem innspel om at vi kan søke midlar i fakulteta. Ta kontakt med dekanar om midlar. FLKI har økonomi og midlar til dette. Det må vere noko konkret, f.eks. ein foredragshaldar, mat el.l.
- Det kjem kommentar om at lignande arrangement på FHS tidlegare der studentane ikkje har prioritert, men at det verkar som dette arrangementet kan bli enklare å rekruttere studentar til sidan det er mykje som skjer både av WS og foredrag.

#### Framlegg til vedtak:

Saka vart drøfta, innspel vert tatt med vidare til prosjektgruppa. [Karrierefestival Campus Sogndal — SOGN 2025](#)

### 11/26 Eventuelt 11.20-11.30

Bjarte poengterer at ein sentral del av campusmøtet er å komme med saker og innspel. Vi må spreie budskap om møteplassen, og viss det er saker som er viktige er dette ein god arena der saker kan gå vidare til leiinga.